

## Registrering av kandidatur

**Navn:** Karoline Abildsnes

**Alder:** 23

**Studieby:** Trondheim



### Hvorfor vil du stille som styrerepresentant?

Som fjerdeårsstudent ved lærarutdanninga har eg eit brennande engasjement for utdanning og livslang læring. Eg er særleg opptatt av lik tilgang på kunnskap for alle, og ser effekten av å investere i eit godt psykososialt miljø ved ein utdanningsinstitusjon som uvurderleg. Sidan september 2017 har eg vore fakultetstillitsvalt for NTNUs største fakultet, SU. Gjennom dette vervet har eg fått verdifull kunnskap om korleis NTNU som organisasjon arbeider, og fått bidra inn i viktige avgjersler på fakultetsnivå. I tillegg er eg valt som delegat for NTNU i Norsk studentorganisasjon (NSO). Her får eg vere med å arbeide med studentpolitikk på nasjonalt nivå. Som styrerepresentant vil eg ha gode føresetnadar til å bidra inn med ei tydeleg og viktig stemme på det øvste vedtaksdyktige organet ved NTNU.

### Nevn 3 stikkord for hvorfor akkurat du skal bli valgt til dette vervet:

Reflektert, dedikert og motivert.

### Hvordan bør NTNU se ut om 5 og 10 år?

Som landets største studieinstitusjon, bør NTNU gå føre som eit godt døme til etterfølging. Vi står no framfor ein kritisk fase med tanke på campusutvikling og fagleg lokalisering. For å sørge for at prosessen vert gjennomført på ein grundig måte, og godt tilpassa dei ulike fagmiljøa vi består av, vil dei komande åra vere prega av viktige avgjersler. I dette arbeidet vil det derfor vere viktig å vere årvaken og evne å tenke langsiktig. For å få til eit samla NTNU, sjølv på tvers av tre studiebyar, må vi tilpasse oss dei store strukturelle endringane som har blitt satt i verk i dei føregåande åra. Med over 40 000 studentar vil det vere viktig å vere frampå for å iverksette tiltak som fremjar ei kjensle av tilhørslse og fellesskap. Vi bør såleis tørre å ta dei store og viktige, men også vanskelege kampane. Einsemd blant studentar har gjort eit tydeleg inntog på agendaen etter resultatata av fjorårets SHoT-undersøking. Dette bør NTNU ha ein visjon om, men også konkret handlingsplan for, å bekjempe.